

Elveskade bør utbetrast

Uskedalselva har greve seg inn under den gamle forbygginga i delet mellom idrettsbanen på Heio og eigedomen til Astrid Døsland.

Det har ført til at forbygginga nokre stader har glidd ut i elva og andre stader er den i ferd med det.

Skaden bør utbetrast hvis ein skal sikra arealet innanfor elvekanten. For å hindra vidare utgraving bør ein også ta med ei botnplastring, held NVE fram etter ei synfaring i sommar.

Døme på slik botnplastring som fungerer godt finn ein på motsett side av elva noko oppstrams dette området.

Sjølv om dette vassdraget ikkje er verna, bør utbetringar gjennomførast i samråd med fylkesmannen for å ivareta fisken på best mogleg vis.

Området som er skada er vist på biletet over.